



Møre og Romsdal fylke



Fylkesbiblioteket

ABM-utvikling  
Postboks 8145 Dep  
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.04.2008	MR 16234/2008/ C60	Ellen Kristin Molvær, 70162270	30.05.2008

## Søknad om midlar til å utvikle regional handlingsplan for ABM-samarbeid og nettbasert formidling

Møre og Romsdal fylke søker med dette om deltaking og midlar til ein slik handlingsplan ut frå signal gitt av ABM-utvikling i brev til fylkeskommunane av 03.04.2008.

### Innleiing

Spreidt rundt i ulike institusjonar og private samlingar i Møre og Romsdal finst det mengder materiale som ventar på å bli gjort tilgjengeleg for eit breitt publikum. Dette dreier seg både om bokleg materiale, arkivmateriale, foto, lyd og gjenstandar som er av stor allmenn interesse.

Mellom institusjonane i fylket er her også nokre som har innhald og oppgåver av nasjonal interesse ( t.d. Nynorsk kultursentrum i Ørsta og Jugendstilesenteret i Ålesund).

Mykje materiale eignar seg godt for digitalisering for vidare presentasjon på internett, både på dei ulike institusjonane sine nettstader/nettutstillingar, men også via fylket sitt eige Kulturnett Møre og Romsdal. Slik presentasjon på nett er viktig formidling med store målgrupper: Einskildpersonar, kommunar, brukarar av arkiv ,bibliotek og museum, skole og undervisning, men også framtidig satsing på kultur og reiseliv.

Til no er ein i Møre og Romsdal totalt sett kome relativt kort i arbeidet med digitalisering av kulturarven. Det finst sporadiske satsingar, men det manglar samordna strategiar både i høve utstyr, fellestenester og infrastruktur. Det er klare ønske frå aktuelle ABM-institusjonar om at det må satsast på dette området, og dette initiativet frå ABM-utvikling er difor svært gledeleg sett herifrå.

Møre og Romsdal treng difor ein handlingsplan for ABM-samarbeid og nettbasert formidling, og vi har stor tru på at ein slik plan vil kunne medverke til å betre allereie eksisterande tenester, og elles drive eit ønska arbeid i gang. Ein slik plan vil kunne legge dei nødvendige strategiar for lokal og regional nettbasert kultur- og kunnskapsformidling, og gjere Møre og Romsdal godt rusta både til å opprette gode system for digitalisering, utføre arbeidet, og vidare legge til rette for formidlingstenester gjennom god regional infrastruktur.

Det er eit sterkt ønskje om eit nærare samarbeid mellom ABM sektoren på den eine sida og kommunar, skulesektor, private og næringslivet på den andre sida.

### Litt om situasjonen pr i dag:

#### Arkiv:

Ein vesentleg arkivinstitusjon i fylket er IKA (Interkommunalt arkiv )Møre og Romsdal. Arkivet har alle kommunane + fylkeskommunen som medlemmer, og har hovudavdeling i Ålesund. Ein jobbar her med spørsmål knytt til arkivdanning, eldre arkiv, privatarkiv, personsensitivt arkivmateriale og elektronisk arkiv for alle medlemskommunane, og har store depot for avlevering av materiale.

Også Arbeiderbevegelsens arkiv for Møre og Romsdal er deponert i IKA.

Viktige målsetjingar for IKA er å nå ut til brukarane om at materiale eksisterar, og så gjere det tilgjengeleg for bruk. For å gjere arkivmateriale tilgjengeleg for publikum har ein 2 metodar: utlån og digitalisering, og frå IKA sin synsstad er digitalisering ei viktig satsing både med tanke å spare materiale for slitasje, og for betring av tilbodet til publikum. Som del av eit prosjekt initiert av ABM-utvikling har ein pr. i dag fått erfaring med å digitalisere møtebøker for kommunestyre og formannskap for 5 av dagens kommuner i fylket frå 1837 til ca 1950. Ein ser stor verdi i liknande satsingar for andre arkivkjelder. IKA manglar sjølv utstyr til digitalisering, og må kjøpe tenester til dette frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Kulturnett Møre og Romsdal er administrativt og fysisk plassert i IKA Møre og Romsdal.

#### **Privatarkiv:**

##### 1. Skipsverftarkiv

I fylket finst det bevart store mengder byggeteikningar for skip. For desse er det stort behov for scanning for bevaring og bruk. Skipa finst ikkje lenger, men dokumentasjonen er viktig. Døme: Bolsønes verft i Molde (nedlagt), A.M. Liaaen i Ålesund (nedlagt, etablert 1861), Storvik mekaniske og Sterkoder i Kristiansund, Ulsteingruppen og Fiskerstrand Verft og fleire andre. Her finst det store mengder teikningar, - meir eller mindre ordna, - og mengda er høgst usikker. Næringslivet har stor interesse av bevaring av slikt materiale, - også digitalt, - og Høgskolen i Ålesund er også interessert i å få digital tilgang til skipsteikningar som no berre er tilgjengelege på papir.

##### 2. Andre bedriftsarkiv

Fylket har ein omfattande industri, - med møbel som eit vesentleg innslag. Her ligg truleg store mengder materiale av interesse for ettertida som bør kartleggast og gjerast tilgjengeleg. Døme på konkrete bedrifter elles kan vere Rødsand Gruver, I.P. Huse og Haahjem Mekaniske. For slike firma finst arkiv både etter bedrifta, fagforeininga og anna med tilknytning til verksemda. Men her spelar tida ei rolle, - arkiva finst pr i dag, - men kor lenge?

##### 3. Arkitektarkiv

Jugendstilsenteret har Furstarkivet med mykje arkitektheikningar frå perioden rundt bybrannen i Ålesund. IKAMR har også ein del arkitektheikningar frå same periode, utført av andre arkitekter. Alt materialet er oppbevart hos IKA Møre og Romsdal.

4. Foreiningsarkiv. IKA Møre og Romsdal har arkiva for arbeidarrørsla (DNA, LO og AOF) i Møre og Romsdal. Det same gjeld for Nasjonalforeiningen for Folkehelsen, Nordsjøklubben, Krigsinvaliddeforbundet i fylket, og elles ein del spreidde lagsarkiv.

5. Historielaga sine arkiv. Det er vel 50 historielag i Møre og Romsdal der dei fleste har arkivsamlingar som er heller lite tilgjengelege.

6. Privatarkiv oppbevart i kommunane. Så og seie alle kommunar i Møre og Romsdal har større eller mindre samlingar av privatarkiv, variererande frå einskildprotokollar for lag og foreningar, til vesentlege mengder bedriftsarkiv, som t.d. arkiva etter Rekord og Vigra Rutelag som er hos Giske kommune. Alle er lite tilgjengelege.

#### **Bibliotek:**

Innan biblioteksektoren har folkebiblioteka hatt stor fokus på overgang til automatiserte mediakatalogar dei seinaste åra, og dette arbeidet er så godt som fullført, men 8 bibliotek manglar framleis katalogsøk på nett. Ei viktig framtidig oppgåve er oppretting av eit regionalt samsøk, som gjev høve til samtidig søk i alle bibliotek-katalogane uavhengig av biblioteksystem. Signal frå folkebiblioteka er at heller lite eldre materiale er aktuelt for digitalisering i fulltekst, men prosessen med ein regional plan vil truleg avdekke langt fleire relevante kjelder også i biblioteka. Så langt er det i Rauma folkebibliotek digitalisert eit viktig fotomateriale etter Andreas Normann, og i Kristiansund folkebibliotek er samlinga etter Thurn Kristensen svært aktuelt for digitalisering og formidling.

Fylkesbiblioteket ser elles eit klart behov for å digitalisere ein del bygdebøker frå fylket og andre viktige lokalhistoriske skrifter som er "trua" grunna stor slitasje.

Elles har biblioteka stor fokus på digitale tenester, - ikkje berre det som måtte vere av digitalisert materiale frå eigne samlingar. Biblioteka fungerer i nettverk, - både i regionen og på nasjonalt/internasjonalt nivå, - og formidlar kunnskap og kultur digitalt heile tida. Biblioteka er i endring, - og digitale tenester og samordning er vesentlege stikkord i formidlinga.

**Musea:**

Alle regionmusea arbeider med digital gjenstandsregistrering (katalogar),- men dei slit alle med etterslep i høve sine målsetjingar grunna manglande kapasitet til dette arbeidet. Ein har ikkje sett i gang digital fotografering av gjenstandane med tanke på formidling på nett.

Musea har også viktig arkivmateriale og foto av relevans for digitalisering,- men også her ligg store utfordringar,- både i høve personalressursar, kompetanse og val og bruk av teknologiske løysingar. Romsdalsmuseet og Nordmøre museum er til ein viss grad i gang med digitalisering,- ved hjelp av eksterne samarbeidspartnarar.

**Foto:**

FylkesFOTOarkivet er definitivt den institusjonen som har kome lengst når det gjeld digitalisering og formidling av slikt materiale her i fylket. Store mengder fotomateriale er digitalisert over heile fylket, og viktig kulturhistorie er "redda",- og blir formidla gjennom institusjonen til eit stort publikum. Mykje arbeid skjer her i eit flott samspel mellom fylkesfotoarkivaren og frivillige,- særleg medlemmar frå foreninga DIS. Her er likevel framleis store mengder foto som ventar på å bli digitalisert,- og det er også ei problemstilling at allereie digitalisert materiale kan trenge revisjon,- evt. digitaliserast på nytt. Også Romsdalsmuseet har digitalisert fotosamlingar av lokale amatørar og fagfotografar frå Romsdal, men dette materialet er førebels ikkje tilgjengeleg på nett.

**Kulturkvartalet – med Jugendstilsenteret og Kunstmuseet Kube:**

Jugendstilsenteret har nasjonalt ansvar for å ta vare på arkivmateriale etter arkitektar og kunsthandverkarar frå denne perioden, i tillegg til bøker, tidsskrift og anna skriftleg kjeldemateriale. Senteret har eksistert i berre fem år, men har allereie fleire tusen teikningar som ventar på å bli digitalisert. Til dømes opplever dei at givarar av aktuelle teikningar stiller krav om digitalisering og formidling på nett for å overlata teikningar til senteret. Dei uttrykker store behov for gode scanning-tenester med profesjonelt utstyr og kvalifisert bemanning, noko dei som enkelt-institusjon ikkje kan stå for åleine.

**Nynorsk kultursentrum**

er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingsssenter for nynorsk skriftkultur. Dei prioriterer arkiv og samlingar som nødvendige føresetnader for å kunne løyse sine oppgåver. Ved utgangen av 2007 inneheldt samlingane om lag 56 100 kulturhistoriske gjenstandar i form av trykte skrifter, arkivmateriale, elektroniske dokument og tradisjonelle gjenstandar. Store dokumentmengder er her digitalisert, og det største enkeltprosjektet er Feraheimen (1877-91) i fullformat i latinsk skrift. Ein har også publisert digitaliserte tekstar av meir enn 150 forfattarar, og meir enn 600 tekstar av Ivar Aasen.

Ein har ein Innsamlings- og dokumentasjonsplan frå 2005, og ny plan for 2009-2011 skal handsamast i 2008, der ei rekkje framtidige digitaliseringsprosjekt blir lista opp.

Samlingane av tekstar i Nynorsk kultursentrum er riksdekkande,- og institusjonen sitt arbeid og strategiske planar vil vere av stor verdi inn i eit arbeid med ein regional utviklingsplan for digitalisering.

**Høgskulen i Volda - Arkiv**

Høgskulen i Volda oppbevarar, i tillegg til arkiva for dei to tidlegare høgskulane i Volda og avlevert arkivmateriale frå Høgskolestyret i Møre og Romsdal, også følgjande:

- Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal. Her er det samlingar av notemateriale, lydopptak og videoopptak (til saman om 23.485 melodiar). Dessutan foto, litteratur, personal- og saksarkiv i tilknytning til folkemusikk og tilgrensande emne.
- Stadnamarkivet i Møre og Romsdal. Til saman er det samla inn, registrert, arkivert, fagleg handsama og dataført om lag 200.000 namn frå alle dei 38 kommunane i fylket. Ein god del av dette er søkbart digitalt.
- Kjeldearkivet har privatarkiv etter stortingsmenn i fylket, lagsarkiv, orginalaviser, blad og lokal litteratur, vise- samlingar, bygdesongar, notar, folkemusikkmateriale, samlingar av ord, ordtøkje og gåter, og biografisk kortkatalog med tilvisingar til avisartiklar og litteratur om ca 1500 personar.

Alle desse arkiva er av stor interesse å få gjort meir tilgjengeleg gjennom digitalisering, og vil vere viktige i ein samordna handlingsplan for fylket.

### Kva bør ein slik handlingsplan innehalde:

- **Hovudmålsetjing** om å skape eit godt handlingsdokument for å gjere ABM-institusjonane i Møre og Romsdal i stand til å utføre ønska digitaliseringsarbeid, sikre kulturarven, og kunne tilby gode digitale tenester og formidle innhaldet til eit stort publikum.
- **Foreta omfattande kartlegging av stoda i Møre og Romsdal**, oversikt over det arbeid som er gjort og kva som er ønskelig i komande år. Dette gjeld ikkje bare museum, arkiv, bibliotek, men også privatarkiv og ulike andre institusjonar og stiftingar. Den førebelse oversikten i denne søknaden viser klart behovet for dette.
- **Foreta registrering av eksisterande katalogar, databasar og digitalt innhald** i dei ulike institusjonane. (foto, dokument, litteratur, tekniske teikningar og liknande)
- **Kartlegge digital infrastruktur**. Ein har allereie eit inntrykk av at dei ulike institusjonane arbeider med svært ulike verkty og på ulike plattformer. Her blir ein viktig del av planen å kartlegge digitale filtypar og lagringsformat som er i bruk, og ikkje minst den digitale infrastrukturen i kvar institusjon. Det må vere eit viktig mål å jobbe mot samordna tenester på ulike område,- noko som krev bevisste haldningar til føresetnadane for satsing.
- **Kompetansen må styrkast!** Dette gjeld både allmenn kompetanse og kjennskap til ulike utfordringar kring nettbasert formidling og digitaliseringsprosessar for dei ulike aktørane innan ABM,- men også meir spesifikk kompetanseheving for dei som skal utføre slikt arbeid.
- **Kvar institusjon skal laga ein plan** for korleis ein skal få til ein digitalisering av dokument, foto, gjenstandar, lyd, film, video og anna.
- **Korleis distribuere digitalt innhald?** Gjennom planprosessen må ein kome fram til gode strategiar for korleis ein presenterer innhaldet for brukarane. Her vil det vere behov for drøftingar om både samhandling og felles standardar,- eit viktig mål må vere å kome fram til gode brukarvenlege løysingar.
- **Planen må også inkludere samarbeid med institusjonar utanom fylket** for at materiale for vårt fylke skal kunne framstå som komplett. Når det gjeld vår eldste historie, trengs det eit samarbeid med UIB og NTNU. Musea som er underlagt disse to universiteta er ansvarlig for alt eldre materiale fra Møre og Romsdal, og her fins digitale databasar som omhandler vår eldste historie. Også samlingar ved Universitetet i Bergen og Statsarkivet i Trondheim vil vere aktuelle å sjå i slik samanheng. Tilsvarande må ein ha fokus på det omfattande digitaliseringsarbeidet som no skjer ved Nasjonalbiblioteket, som også har med materiale frå Møre og Romsdal.
- **Kulturnett Møre og Romsdal** er ein vesentleg faktor i høve formidling av kulturarven i fylket,- *ein viktig og sterk offentleg kanal for å presentere regionalt kulturliv og kulturarv*. Dette har vore i drift sidan 2005, fungerer godt, men treng likevel å "fyllast" med meir innhald. Ein regional handlingsplan for digital formidling vil legge eit viktig grunnlag for korleis ein skal jobbe i framtida. I samarbeid med Kulturnett Noreg og andre regionale kulturnett er det ønskeleg både å nytte dei digitale tenestene som ligg føre i dag, men også delta i å bygge ut nye tenester som i tillegg til Møre og Romsdal også har nasjonale perspektiv. Kulturnett Møre og Romsdal har sluttbrukaraen på internett i fokus, og ein ser difor eit langsiktig perspektiv i høve digitale ABM-tenester. Det regionale kulturnettet gjev samordning av databasar og digitale tenester for heile ABM-sektoren høg prioritet,- noko som er eit viktig moment nettopp i val av strategiar for ein regional handlingsplan.
- **Brukarmedverknad** er vesentleg for å gjere gode val om korleis presentasjonar og formidling skal skje. Her vil samspel med skoleverk, næringsliv og reiseliv gje nyttig informasjon i prosessen, og ein bør evt. velje ut nokre aktuelle referansepersonar undervegs for å sikre produkta.
- **Samarbeid** mellom Møre og Romsdal fylke, dei ulike ABM-institusjonane nemnt i dette dokumentet, samt kommunar, foreningar (døme DIS-Møre og Romsdal, sogelag m.fl.), nærings- og reiseliv, må til for å kome fram til ønska satsing gjennom ein samordna plan. Også Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane vil vere ein samarbeidspartnar, og vi ser for oss eit spesielt nært samarbeid med ABM-utvikling gjennom prosessen.
- **Målsetjing fram mot 2014**. Planen skal verte styrings- og arbeidsreiskap for regional satsing på ABM-samarbeid om teknologi og formidling fram mot 2014, og skal vise stegvis realisering av visjonar og mål i dette tidsperspektivet.

### Organisering og ansvar

Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Kulturnett Møre og Romsdal vil ta eit felles ansvar for å leie arbeidet fram mot ein plan. Ein ønskjer i tillegg å engasjere 3-4 personar til å foreta kartleggings- og innhentingsarbeid, og så vil ein bruke ei referanse/arbeidsgruppe av fagpersonar innan dei ulike faga innan ABM til drøftingar kring strategiar for planen vidare. Det vil bli arrangert ei startsamling tidleg på hausten der det aktuelle "miljøet" møter, og fleire mindre samlingar etter behov. Fylkesbiblioteket vil flytte inn i same hus som IKA/Kulturnett i løpet av hausten,- noko som legg vel til rette for tett samarbeid. Ein person vil truleg bli frikjøpt ekstra i den avsluttande fasen med tanke på utforminga av sjølve plandokumentet.

Møre og Romsdal fylkesbibliotek vil ha praktisk gjennomføringsansvar i høve økonomi og evt. rapportering undervegs.

Den regionale handlingsplanen vil til slutt bli presentert for Kulturutvalet i Møre og Romsdal fylke, og for aktuelle andre faglege fora i ulike samanhengar. Etter at planarbeidet er avslutta ser vi det dessutan som ønskeleg med ein større felles-konferanse for fleire fylke.

### Ressursar

Det er ikkje tvil om at dette arbeidet vil krevje betydeleg eigeninnsats frå alle samarbeidspartar. Vi har sett opp eit budsjettframlegg for ønska eksterne midlar ut frå at Møre og Romsdal blir eit av tre som får tilskot til planarbeidet. Om det berre vert to fylke, ønskjer vi å bruke eit eventuelt større beløp til meir frikjøp av folk for å oppsøke og kartlegge aktuelle kjelder, ressursar og behov i fylket, og elles bruke meir midlar til kurs og opplæring for styrking av kompetanse. Dette kan vere eit vesentleg poeng, i og med at vårt fylke er kome såpass seint i gong med digitaliseringsarbeid.

### Forslag til budsjett

Løn (frikjøp personale)	200 000,-
Reiseutgifter	90 000,-
Trykking rapport	10 000,-
Konferanse	30 000,-
Diverse.	3 000,-
<b>Sum (midlar frå ABM-utvikling)</b>	<b>333 000,-</b>

Møre og Romsdal fylke håper på velvillig handsaming av søknaden.

Med helsing

Arvid Blindheim  
kulturdirektør

Ellen Kristin Molvær  
Leiar fylkesbiblioteket

Kopi:

Vidar Kursetgjerde

Kulturnett Møre og Romsdal Postboks 1073, Sentrum 6001 Ålesund

IKA Møre og Romsdal Postboks 1073, Sentrum 6001 Ålesund

Jens Peter Ringstad

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.